

## EIN TENAR OG MEDISINAR

Spelemennene frå Granvin levde nok som dei fleste av oss, både stille og stort. Men spelemannen var ingen bortgøymd person i bygde-Noreg tidlegare. Tvert om var han ein slags forvandlar. Ein som skapte høgtid, glede, suggesjon og mystikk. Han var sjølvsgat til stades med sine brureslåttar og huldreslåttar i seremoniar som bryllaup og likvake, eller med gangarar og springarar til dansespelet. Alltid til stades, med seg og fela, når folk hadde trong til å lyftast og forløysast, heilast og temjast. Spelemannen var ein tenar for vår trufaste kvardag og våre høgtidsame ritual. Ein medisinar som med fela gav lækjedom. Ein tenar for kunsten, for tradisjonen og sine læresveinar.

Spelemannen kunne i somme bygder oppleva å ha høg sosial status, slik til dømes Eirik Medås (1729-1819) eller Olav Håstabø (1826-1899) frå Granvin hadde i si levetid, ja, nærmast på høgde med prest og kjøkemeister. Spelemannen kunne til tider også oppleva å bli nokså rik, særleg om han var ein etterspurd bryllaupsspelar. Og dei spelemenn «alle ville ha» kunne spela i fleire hundre bryllaup. Men han kunne òg vera ein vandrar, ein leiglending, ein huslaus utan fast eigedom, pengar eller sikker leveveg, og ikkje minst ein utstøytt og gudlaus som spelte på «djevelens instrument». Spelemannen har, same kva tidsånd som rådde, støtt vore annleis. Han har på same tid vore både øvst og nedst på rangsstigen. Ein status som har veksla gjennom historia om det er ny tru, nye musikkuttrykk, eller nye politiske ideal og overtydingar som har kome til. Granvin skil seg òg frå mange andre bygder på den måten at statusen til spelemannen og slåttemusikken har halde seg også fram til våre dagar, trass skiftande ytre påverknad. Slåttemusikken var deira musikk, den dei kjende til og hørde i kvardagen.

Knut Hamre syner oss no det rike mangfaldet i Granvins-  
spelet med det store verket *Slåttar frå Granvin*. Ei samling på  
nittisju slåttar han har vigg heile sitt spelande liv til å fordjupa  
seg i og vidareformidla. Frå han var seks år gamal og lærte  
dei første taka på fela av far sin heime i Folkedal. Aldeles  
oppslukt. Nesten som ein mani. For Knut Hamre har kakka  
iherdig på dører til naboar og andre i bygda frå han var berre  
småguten, for å læra og høyra spel, og bad Gud i kveldsbøna  
at han måtte få bli ein god spelemann. Sidan har Knut Hamre  
som kjent vorte ein av dei fremste hardingfelekunstnarar i  
vår tid, og i dag utan tvil vår fremste fagmann på hardingfele i  
Hardanger.



Bryllaup på Holven i Granvin i 1935. Spelemannen er Kristoffer Kjerland (1906-1983).  
Fotograf: Johannes Lillegraven. Utlånt av Sverre Lillegraven.